

# Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

**Tid:** Torsdag 9. mars 2017, kl 20.00

**Stad:** Klubbhuset

Desse møtte: Torkjell Døving, Anders Rem, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Monica Henden, Liv Marit Indreeide

## **Sak 6/17 Informasjon frå gruppene:**

**Trimgruppa:** Årsmøte avvikla. Ida Kristoffersen-Rem leiar. Dametrimmen er oppe og går. Torsdagar, 2 salar til disposisjon.

## **Friidrett:**

**Fotballgruppa:** Årsmøte avvikla, nytt styre. Kenneth Hovden ny leiar. Torkjell Døving held fram i styret. 13 lag påmelde. Veldig mange unge spelarar, bra for rekrutteringa. Rekordmange dispensasjonar. Styret har bestemt at dei vil satse på å skape aktivitet og arrangement. Turneringar for 6-10 år.

**Skigruppa:** Kun eitt arrangement igjen, VM på ski, 13. april. Har hatt overraskande fine forhold. Årsmøte avvikla, Jan Ole Fuglem held fram som leiar.

**Styret:** Søkt om mva komp kunstgrasbana. Kr 728.570. Kunstgrasbana godkjend

## **Sak 7/17 Årsmøte 2017**

Årsmelding

Rekneskap -

Budsjett/arbeidsplanar – skigruppa, fotballgruppa, trimgruppa og friidrettsgruppa har alle laga sine arbeidsplanar. Aktivitetane er gruppene sitt ansvar. Arbeidsplanar hovdestyret – skal legge til rette for undergruppene slik at dei kan drive sine aktivitetar. Vurdere tilsette ein lønna person - utarbeide årshjul – fristar, aktivitetar osv. Arbeidsbeskrivelse av funksjonane i styret, kva gjer kasserar osv. Lettare for den som skal ta over. Skifte golv sal, inn på budsjett. Bør også vurdere lydplater i taket. Golv

garasje. Legg inn i budsjettet litt vedlikehald av huset, kjøp av inventar t.d. nye bord i salen, måle huset utvendig. Korrigere vedtektene – må vere to til å signere viktige avtalar, ikkje berre leiar slik som det er i dag.

Andre saker som skal opp på årsmøtet:

-Medlemskontingent

-Organisasjon – Til å begynne med stå under trimgruppa, disksport ny gruppe, der frisbeegolf er ei undergruppe. Aktiv gruppe. Årsmøte må vedta å opprette ei gruppe. Kjem inn som eit nytt styremedlem.

Val - Leiar attvald . Styremedlemmar attvald. Manglar eitt medlem i valnemnda, dei som er spurt har takka nei. Nye forslag er Torgeir Myklebust, Håkon Myklebust, Kristin Sandnes, Geir Myklebust. Ida spør først Torgeir.

#### **Sak 8/17 Lysløypa**

Lysløypa er lagt om, men eigar av hytteeigedom er ikkje fornøgd med at idrettslaget ikkje har sagt frå seg retten til å gå over eigdommen. Iflg vedkomande sin advokat kan det framleis vere aktuelt med rettsleg avgjerd.

Konklusjon, først prøver vi å skrive ein avtale der det står at dersom vi krev bruk av arealet må det gjerast gjennom avtale med grunneigar, evt må arealet oreignast. Dersom dette ikkje er muleg, vil vi fråskrive oss rett til å leggje løypa over eigdommen.

#### **Sak 9/17 Søknad midlar Bygdemobilisering**

Midlar som fylkesmannen lyser ut. Søknadsfrist. 1. april. Går for å sende inn ein søknad. Torkjell melde seg, Einar spør Reidar Bjørstad om han kan tenkje seg å vere med å skrive ein slik søknad.

Møtet slutt kl. 22.30

Liv Marit Indreeide

-referent